



Foto: Maria C. Knagenhjelm



Foto: Aadne Gløppestad



Foto: Inger H. Aske Løthe

# Gjer oss heite

**Skei Hotel**  
torsdag 7.  
til fredag  
8. april 2011

## Den nasjonale bulystkonferansen 2011

Vi vil at fleire skal flytte til bygdene våre. Saman vert vi sterkare. Vekst og aktivitet skapar optimisme og gjev grunnlag for enda fleire gode tilbod i distrikta.

”Folk i fleire hus” og ”Lys i vindauga” er ikkje tome slagord. Men det kjem ikkje av seg sjølv. Vi kan ikkje tvinge nokon, men vil so gjerne dele goda. Vi som bur på bygda med alle sine kvalitetar, stortrivst med det.

Folk må ha lyst til å flytte til oss, då må lokalsamfunna stå fram som attraktive og positive.

Vi veit frå ymse undersøkingar at mange har lyst til å flytte ”på landet”. Vi er inspirerte av KR D si målsetjing for distrikts- og regionalpolitikken om ”at alle skal ha reell fridom til å busetje seg der dei vil.”

Difor denne bulystkonferansen. Vi vil bli fleire på bygda! Vi vil bli heite!

Arrangørar: **Gloppen kommune, Jølster kommune, Luster kommune Sogn og Fjordane Fylkeskommune.**








Foto: Edvin André Hugvik

# Gjer bygda heit



## ● Konferansen vert opna av kommunalminister Liv Signe Navarsete

### Program dag 1: kl. 13.30 - 18.00 - Presentasjon av tema:

● **Røynsler frå Skottland.** Rhys Evans, førsteamanuensis ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar, fortel om fleire utviklingsprosjekt han var med på i Skottland, eit land med minst like store distriktpolitiske utfordringar som Noreg. 60 prosent av arealet i Skottland er eigd av i underkant av 80 personar, sokalla "landlords". Evans fortel om tilbakeflytting til distrikta og korleis dei jobba for å skape bulyst i Skottland.

● **Røynsler frå Finnmark.** Mai Camilla Munkejord, førsteamanuensis Høgskolen i Finnmark, samfunnsvitar. Ho vil fortelje om sitt doktorgradsprosjekt der ho prøvde å finne ut om kvifor ulike kvinner og menn valde å gå mot straumen og flytte til Havøysund og Vadsø. Om og kvifor dei ønskjer å bli buande her vidare framover og kva som skapte positive opplevingar for dei. Kort og godt kva som skaper bulyst hos innflyttarar til mindre lokalsamfunn.

● **Tema;** "Folk i fleire hus", erfaringar frå eit prosjekt i Luster kommune v/prosjektleiari Inger Moe. Etter føredraga vert det drøftingar kring borda og plenumsdiskusjon. Vi tek gjerne imot innspel på aktuelle spørsmål til drøfting.

### Program dag 2: kl. 08.30 - 11.30 - Presentasjon av tema:

● **Kva kjenneteiknar tilflyttingsbygda?** Dr.philos Dag Jørund Lønning, rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar på Jæren. Vil snakke om nyskaping, identitetsbygging og nyutviklingsrom for bygda. Lønning er leiande i Noreg når det gjeld forskning på natur- og kulturbasert nærings og stadutvikling. Han har vore sterkt oppteken av forskaren som aktiv medverkar i lokaleutviklings- og mobiliseringsprosessar.

● **Tema:** Rauma/Nordveggen om eit tilflyttingsprosjekt i Rauma ved Arnt Øyvind Siem som rett og slett har ein visjon bygd kring at "Rauma skal bli verdas beste kommune for naturglade menneske og kjerneverdiane ekte, oppmerksom og samarbeidsvilleg."

● **Pengar, pengar, pengar :** Kva finst av midlar til utviklingsprosjekt og kva krav blir stillt til ein søknad som skal nå opp i konkurransen om midlane. Presentasjon av stønadsordningar og søknadsprosedyrar v/Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Kulturforskar og avdelingsdirektør Georg Arnestad, Høgskulen i Sogn og Fjordane, oppsummerer og avsluttar konferansen.

Vel møtt til to heite dagar på Skei Hotell i Jølster!

**PÅMELDINGSFRIST: Innan søndag 20. mars 2011**

Gloppen kommune – Jølster kommune – Luster kommune - Sogn og Fjordane fylkeskommune